



Notat

Dato: 16.08.2019
Arkivsak: 2015/7302-9
Saksbehandlar: rolrose

Til: Utval for miljø og samferdsel
Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Evaluering av takstsonestrukturen

I samband med at endelege grenser og reglar vart vedtatt i PS 34/2018 (Fylkesutvalet 21.02.2018) vart det og vedtatt at: «Takstsonestruktur skal evaluerast innan rimeleg tid». Dei nye takstsonene har no verka i eit år, og Skyss planlegg no å starte på evalueringa.

Innføringa av dei nye takstsonene medførte fleire endringar. 470 takstsoner vart til sju store soner, og prinsippet om ei reise frå eit stopp til eit anna vart endra til at ein kunne reise fritt i 90 minutt med påslag for kvar sone ein kryssar. Svært mange fekk det òg billegare, særleg gjaldt dette lange reiser. Med ny struktur vart Skyss Billett (app) innført i heile fylket, noko som forenkla kvardagen til både reisande og sjåførar. Sist men ikkje minst endra ein på sonegrensene. Eit av måla med endringane var å i større grad stimulera til å reisa kollektiv. Særleg gjaldt dette dei store pendlarstraumane inn mot Bergen, særleg frå Nordhordland, Os og områda Sotra og Askøy.

I evalueringa kjem ein til å leggja vekt på å undersøka om ein har oppnådd ambisjonane ein hadde med innføringa av nye takstsoner. Mellom anna gjeld dette å gjera det enklare å orientere seg og velje kollektivt, stimulera til fleire kollektivreiser, og gjere reiser og billettkjøp enklare for reisande og sjåførar. Delar av evalueringa vil derfor verta gjennomført som ei spørjeundersøking blant dei reisande i de ulike sonene, samt at ein gjer i liknande undersøking blant sjåførane. Ei anna side vert å sjå på dei økonomiske effektane og i kva grad det har vorte fleire som reiser kollektivt. Evalueringa vil òg sjå på sonegrensene, og gjera ei vurdering av kva slags praktiske og økonomiske konsekvensar det vil få om ein gjer endringar her. Til dømes har kommunane Samnanger og Austevoll signalisert at dei meiner å høyre heime i Sone A.

Evalueringa kjem til å involvere både interne og eksterne aktørar, og vert eit omfattande arbeid. Administrasjonen tek difor sikte på at resultatet av evalueringa vært lagt fram som sak til Utval for miljø og samferdsel 6. november, og for Fylkesutvalet 21. november.